

Delrapport 1 Samarbeidsprosjekt Villfisk og oppdrettsnæring

NORDAVIND
UTVIKLING

Kari Johanna Tveit, Amarine AS

15.04.2017

1. Bakgrunn for prosjektet

Prosjektet samarbeid villaksnæring – havbruksnæring er planlagt som eit treårig prosjekt i Midt-Troms/Sør-Troms. Forprosjektet gjekk over ein periode på tre månadar og vart gjennomført våren 2015.

Hovudprosjektet var i utgangspunktet tenkt starta opp sommaren/hausten 2015, men på grunn av ein del ekstra avklaringar med partane i prosjektet, og lang behandlingstid, kom det ikkje i gang før april 2016.

Bakgrunnen for å starte prosjektet er knytt til situasjonen for anadrome artar i norske elver. Den atlantiske laksebestanden har hatt ein nedgang dei siste ti-åra. Dette har skjedd i same periode som bestandane av pelagiske artar har gått opp og konkurransen om maten i havet aukar, noko som kan vere med å forklare trendane i utviklinga. Men også andre faktorar påverkar situasjonen. Mellom anna så har havbruksnæringa i ein del områder hatt problem med rømming og lakselus. I tillegg har det skjedd utbyggingar og liknande som kan påverke fisken sine gyte og oppvekstområder i elvane.

I havbruksnæringa vert det utvikla ny teknologi og gjennomført reguleringar som skal hindre rømming og spreining av store mengder lakselus, og i ein del elvar er det innført kvotereguleringar som skal organisere uttaket av anadrom fisk. Men det er ikkje alle stadar ein har kontroll på kor mykje fisk som går opp i elvane, og kor mykje som til ei kvar tid er forsvarleg å ta ut i det årlege fisket. Difor er det viktig å ta i bruk kunnskap og teknologi som gjev god oversikt over bestandsutviklinga, på same tid som ein innfører kvotar og gjennomfører tiltak som kan gi betre gyte og oppvekstforhold.

Med dette som bakgrunn tok Nordavind Utvikling initiativet til eit prosjekt retta mot samarbeid mellom lokale aktørar i havbruksnæringa og lokale forvaltarar av anadrom fisk.

2. Målsetting

Hovudmålet med prosjektet er meir anadrom fisk i små og mellomstore elvar i Midt-Troms/Sør-Troms. For å få det til må det iverksettast konkrete aktivitetar, både når det gjeld forvaltning og organisering, og reint praktiske tiltak i elvane.

Innteninga frå fritidsfiske i desse elvane er ofte avgrensa, og den lokale forvaltninga i mange av elvane manglar ressursar for å gjennomføre konkrete tiltak. Difor vert arbeidet retta, både mot etablering av faglege nettverk og informasjon, i tillegg til å bistå elveigarlaga med å skaffe finansiering til nødvendige investeringar.

Resultat frå første år av hovudprosjektet viser tydeleg at tilgangen på faglege nettverk kan vere avgjerande for god forvaltning. For dei minste elvane er også ekstern økonomisk støtte heilt avgjerande.

Generelt sett er forvaltninga av lokale anadrome stammar basert på dugnadsarbeid, med litt offentleg støtte. Dette skal også fortsette i framtida, sjølv om prosjektet bidreg over ein periode.

2.1 Delmål

I hovudprosjektsøknaden første år hadde vi sett opp delmål med prioritering av tiltak. Men etter at vi hadde samla elveigarlaga og diskutert litt meir rundt kvar skoen trykke, vart det gjort nokre endringar når det gjeld kva som får første prioritet. Alle delmåla i prosjektet står fortsatt ved lag.

Delmål 1 : Kompetanseheving ved å legge til rette for at elveeigarlaga får teoretisk og praktiske kunnskapar om god elveforvaltning. Gjennomføring frå juni/juli 2016 og gjennom heile prosjektperioden.

Delmål 2 : Bistå elveeigarlaga i arbeidet med å få på plass teljeapparat og videoovervaking, noko som vil gi betre kontroll med utviklinga av dei anadrome bestandane i elva. Tiltaket blir gjennomført ved at styringsgruppa gjer vedtak på bakgrunn av søknad frå elveeigarlaga.

Delmål 3 : Kunnskapsinnhenting gjennom å framskaffe faktainformasjon om gytebestandsmål og lage statusanalyse i elvar som har behov for dette. Gjennomført innan februar 2018.

Delmål 4: Spreiing av kunnskapar og faktainformasjon om havbruksnæringa og villaksnæringa gjennom å etablere ein internettportal med link til elvesider. Portalen vert etablert i 2016 og skal driftast gjennom prosjektperioden, før ein legg til rette for at elveeigarlaga kan overta når prosjektet er slutt.

Delmål 5: Presentere systematiserte data om utviklinga av anadrome fiskebestandar i elvane i området rundt Solbergfjorden og Astafjorden (Elvar med teljeapparat vil stå i fokus). – Gjennomført frå januar 2018 => med vidareføring.

Delmål 6: Legge til rette for at elveeigarlaga skal vidareføre nettverket og danne eit formelt samarbeidsforum. Mars 2018 =>

3. Organisering og forankring

Prosjektet Samarbeid villaksnæring-havbruksnæring er eigd av Nordvind Utvikling og Kjell Sverre Myrvoll er prosjektansvarleg. Kari Johanna Tveit i Amarine AS er innleigd som prosjektleiar.

Styringsgruppa består av:

Jarle Sletten i Tranøybotn Jeger og Fiskeforeining (leiar),

Tor–Arne Chruickshank i Salangsvassdraget Fiskeforvaltning,

Alf Jostein Skjærvik som er samfunnskontakt i SalMar,

Roy Alapnes i Flakstadvåg Laks

Inger Andreassen i Lenvik kommune.

Det faglege arbeidet er forankra gjennom eit samarbeid med Stiftinga Norsk Villaksforvaltning.

4. Samarbeidspartnarar

Prosjektet er retta mot, og har samarbeida med elveeigarlag og andre med tilknytning til forvaltning av elvane i Midt-Troms og Sør-Troms. Vidare er havbruksnæringa ein viktig aktør, i tillegg til lokal, regional og sentral forvaltning. Sist, men ikkje minst er prosjektet retta mot fritidsfiskarar, både lokalt og globalt, i tillegg til reiselivsaktørar serverar denne kundegruppa.

5. Gjennomføring av prosjektet første år

Som nemnt i innleiinga har prosjektet kome seinare i gang enn det som var planlagt i søknaden. Men sidan april og fram til i november har det vore jobba målretta. Det er mellom anna arrangert to regionale fagsamlingar første halvår.

5.1: Fagsamling 1

På den fyrste fagsamlinga som vart arrangert på Engenes i Ibestad den 29 - 30 april fekk representantar frå elveeigarlag informasjon om mogelegheitene som ligg i prosjektet, samt gjennomgang frå Atle Frøysland i Norsk Villaksforvaltning om kva dei kan bidra med når det gjeld forvaltning av elvane. Han snakka også konkret om tilrettelegging for godt styrearbeid og organisering av tiltak i elvane. Samlinga vart i tillegg nytta til informasjons og- erfaringsutveksling mellom elveeigarlaga.

5.2: Fagsamling 2

På fagsamlinga som vart halden på Fjellkysten 4 – 5 november sto resultatet frå årets fiskesesong i fokus. Vi har hatt ei forholdsvis stor rømming i regionen, og Øyvind Kanstad Hansen ved Ferskvannsbiologen i Lødingen informerte om tiltak iverksett for å hindre at oppdrettslaksen skulle gå opp i elvane. Vidare jobba vi med organisering for godt styrearbeid, og idear for tilrettelegging for turistfiske. Vi fekk også informasjon frå Frigg Ottar Os om prosjektet med organisering av Baiarelva i Nordland. Baiarelva er også samarbeidspartner med Norsk Villaksforvaltning, og dei kan vise til ei god utvikling gode fangstresultat dei siste åra.

På denne samlinga deltok Odde Bekkeli i Salaks og Roy Alapnes i Flakstadvåg Laks saman med representantane frå villaksnæringa. Dette gav konstruktive diskusjonar om korleis ein skal sikre finansiering for å få gjennomført konkrete tiltak som gir meir fisk i elvane.

Siste del av samlinga vart nytta til gjennomgang av situasjonen i dei ulike elvane, kva som har skjedd denne sesongen, kva tiltak , og kva planar dei har framover når det gjeld restaurering av laksetrappar, etablering av teljeverk, innføring av kvotesystem osv.

5.3: Nettside

Vidare er det etablert nettside som skal synleggjere aktiviteten i elvane som deltek, informere om opningstider for fiske og synleggjere utviklinga for fiske/tal frå teljeapparat. Det vil bli tilrettelagt for at elvane kan overta nettsida etter prosjektslutt.

5.4: Finansiell del

Prosjektet har også ein finansiell del der det i første året har vort bevilga midlar som skal bidra til gjennomføring av nødvendige tiltak i elvane, i tillegg til bistand ved skrivinga av søknadar til andre faginstansar. Det vort også lagt til rette for informasjonsutveksling mellom elveeigarlaga, offentlege myndigheiter og havbruksnæringa. Eksempelvis gjennom utveksling av kontaktinformasjon for bruk i krisesituasjonar.

5.5: Bistand elv:

Tranøybotn og omegn Jeger og Fiskeforeining som har forvaltningsansvaret for Tennelva i Tranøy kommune arbeidar med å få på plass teljeapparat og videoovervaking. Fylkesmannen har gjeve støtte til innkjøp av utstyr, medan Samarbeidsprosjektet har bevilga kr. 125.335 i støtte til innkjøp av permanent strømforsyning for å drifte utstyret. Tiltaket skal vere igangsett før lakseoppgangen 2017.

Sameiet Salangsvassdragets Fiskeforvaltning har fått støtte på kr. 85 000 til å støype ein terskel i trappa i Hellefossen, og skifte luke øvst i laksetrappa i Kistefossen. Tiltaket er ein del av eit større restaureringsprosjekt i laksetrappene i Salangsvassdraget.

5.6 Konkrete aktivitetar/tiltak

Fagsamlingar/fagmøter i regionane: Totalt først halvår i hovudprosjektet er det arrangert fagsamlingar med representantar frå elveeigarlaga i Salangselva, Brøstadelva, Ånderelva, Tannelva, Varnesvassdraget og Grasmylvassdraget.

Møter: Styringsgruppa har hatt to møter første halvår i prosjektet. I tillegg har det vore arrangert to innleiande møter med elveeigarlag og representantar frå havbruksnæringa i første prosjektperiode.

Synfaring: I juni 2016 gjennomførte prosjektleiar og Norsk Villaksforvaltning v/Atle Frøysland ei synfaring i Salangselva, Spansdalselva, Brøstadelva, Tannelva, Ånderelva og Grasmylvassdraget. Her fekk vi orientering frå medlemmar i elveeigarlaga/ansvarleg forvaltningsinstans om bestandsituasjonen og forvaltninga i dei ulike elvane.

Informasjon/formidling. Det blir etablert ei nettside for prosjektet. Her skal det informerast om tiltaka og kva som skjer ute i elvane. Kvar elv får si eiga informasjonsside med linkar mot fangsstatistikk og anna informasjon om aktivitetar. Dei som ønskjer det vil i ettertid kunne få sida overført til elveeigarlaget.

Betre forvaltning: Forvaltning basert på fangststatistikk vert ikkje rekna som tilfredsstillande, og på fagsamlingane som er arrangert i regi av prosjektet, har elveeigarlaga uttrykt at dei ønskjer å få betre kontroll med kor mykje fisk som til ei kvar tid går opp i elvane, og om gytebestandesmålet blir nådd. Difor har det vore jobba for å få på plass teljeverk og videoovervaking av fiskeoppgangen i dei ulike elvane. For å få dette på plass raskast mogeleg har prosjektet bidratt med støtte i 2016, saman med offentleg forvaltning. Dette samarbeidet vil også fortsette i vidareføringa av prosjektet.

6. Vidare framdrift i prosjektet

Resultat og erfaringar frå tiltak i prosjektet spreidd gjennom fagsamlingar og fagutveksling mellom aktørane. Etablering av nettside med reportasjar frå elvane som deltek, vil også gi oppdatert informasjon om aktiviteten i prosjektet og kva elles som skjer i dei ulike elvane i 2017. Gjennom ei vidareføring av prosjektet vil det også vere mogeleg å rekruttere nye elvar inn i nettverket. I tillegg vil representantar frå elveeigarlaga, med fleire, si deltaking på fagsamlingar og på Stiftinga Norsk Villaksforvaltning sin planlagde lakseskule, vere med å vidareføre, og spreie kunnskapar om god elveforvaltning.

Det vil være viktig å få gjort tiltak i fleire elver for å kartlegge de anadrome fiskeartar slik at ein vidare i prosjektet kan nytte kunnskapen til å spreie informasjon mellom elveeigarlag, oppdrettsnæring, offentlege myndigheiter og opinionen.

7. Økonomi

Prosjektet har hatt fleire finansiører gjennom året. Der offentlige aktører har stått for 380.000 kr mens oppdrettselskapene har bidratt med 745.000 kr. Prosjektet har som sagt hele tiden vært tenkt over tre år, og det vil derfor kunne være variasjoner igjennom prosjektperioden.

Det er ført timeskorreksjoner egeninnsats for arbeid utført av Prosjektansvarlig Nordvind Utvikling KF knyttet til økonomi, overordnet prosjektoppfølgning og elveeierlagene på totalt 1288, 7 timer som utgjør kr 773 220 kroner. Der hovedvekten av timesarbeidet er knyttet til dugnader i elv. Av dei

budsjetterte rammene på 1 675 302 inkl egeninnsats. Har vi i regnskapet for 2016/2017 brukt 1 495 772. Behovene i elvene for elvetiltak for kartlegging av bestanden er stort og det vil komme flere tiltak våren/sommeren 2017 som krever økonomiske ressurser.

	2016/2017			
Formål	Budsjett	Regnskap	Korreksjon	Totalt
Lønn Prosjektledelse	228 000	426 776	171 000	597 776
Arbeidsgiveravgift	11 628	11		11
Pensjonsutgifter arbeidsgiver	55 674			
Reiseutgifter	70 000	29 698		29 698
Forvaltning elv/kjøp av tenester	300 000	1	91 800	91 801
Kontorleie	10 000	3 981		3 981
Møter	40 000		18 600	18 600
Informasjonstiltak/kjøp av tenester	70 000	19 000	12 600	31 600
Elvetiltak	750 000	210 350	404 220	614 570
Kurs og fagsamlinger	140 000	44 084	75 000	119 084
	1 675 302	733 901	773 220	1 507 121

FINANSIERING	2016
Troms Fylkeskommune	200 000
Kommuner: pr. kommune	
<i>Dyrøy</i>	20 000
<i>Lenvik</i>	20 000
<i>Lavangen</i>	20 000
<i>Tranøy</i>	20 000
<i>Berg</i>	20 000
<i>Skånland</i>	20 000
<i>Gratangen</i>	20 000
<i>Ibestad</i>	20 000
<i>Torsken</i>	20 000
Sum offentlig finansiering	380 000

Næringsliv	
SalMar Nord	260 000
Salaks AS	56 250
Gratangslaks AS	56 250
Kleiva Fiskefarm AS	56 250
Flakstadvåg Laks AS	56 250
Nordlaks AS	260 000
Sum næringsliv	745 000
EGENINNSATS ELVEEIERLAG	550 302
TOTALT	1 675 302

